

Aktivitetsplan 2010

Dato	Arrangement	Komite
6. 10. 11. mars	Dugnad Gravdal	Prosjektgruppa
20. mars	Jubileumsmarkering Gravdal	Styret
23. mars	Årsmøte	Styret
17. mai	Nasjonaldag	Styret /musikkutval
28. til 30. mai	Blåtur med speling	Johan, John Inge, Roar Ståle Erling
12. juni	Opning Gravdal skule	Prosjektgruppa
8. til 12. sep	Utanlandstur	Johan, John Inge, Roar Ståle Erling
23. okt	Heim i haust	Styret
24. okt	Basar	Styret
5. til 7. nov	Øvingshelg	Styret
19. des.	Julekonsert	Styret
28. des	Juletefest	Styret
8. jan	Nyttårskonsert	komite
14. til 16. jan	Gruppeøvingshelg	Styret
28. til 30. jan	Øvingshelg	Styret
4. til 7. feb	NM-helg	Styret

Årsmøte 2010



Tirsdag 23. mars 2010 klokka 20.30

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Torskangerpoll Musikklag i Frelsesarmeen - Måløy. Det blir behandla ordinære årsmøtesaker som valg, rekneskap, budsjett og innkomne saker.

Saker til årsmøtet må vere styret skriftleg i hende før 9. 3.

Betalande aktive medlemmer har stemmerett.

Helsing styret i Torskangerpoll Musikklag

BÅTBYGG

Canon

Nordea

2						
	5	9				8
	7			8	4	3
7	3		6			9
		4	3			
6			2		3	1
8	9	3			6	
4				2	5	
						2

**S
u
d
o
k
u**

	2		7	1		
		8				9
3	5			1		2
			9			
4				6		5
			8			4
5	9					
		7		2		6
8			1		5	

Vredens Gnag

TpM 90 år



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 2

17. årgang

Laussal: Gratis

Februar 2010

Flott NM-innsats



Torskangerpoll Musikklag har all grunn til å vere fornøgte med innsatsen under NM for brassband i Bergen. Vi spelte i ein knallhard 3.divisjon der det var mange gode korps og gode prestasjonar. 12.plassen av 15 korps er ein god prestasjon, og betyr at vi berga plassen om vi vil stille neste år. Det var strålende domerkomentarar. Det vart ei kjekk helg i Bergen med mykje sosialt og musikalsk. Her er nesten alle som var med å spelte under NM før avreisa heim søndag.

www.torskangerpoll.no

Reisebrev frå NM i Brass

Tekst: John Inge Våge

Foto: Johan Wåge

Klokka 15.50 stod heile gjengen oppstilt på lekteren på torget og venta på "ferja" til Bergen. Vi rigga oss til med pc, strikkerier, barnevogner, kortspel og andre "duppedingsar".

Vi innkvarterte oss kjapt på hotellet og gjekk direkte til auditoriet for ei lita øving i lag med Eirik. Ein litt nervøs start på øvinga men Eirik klarte kjapt å løyse opp musklar og ledd og nervøsiteten forsvant etterkvart. Litt småterping og klangøving var viktig her.

Fredags morgon var det ein god hotellfrokost med egg. Klokka 13.00 møtte vi i auditoriet for øving i lag med Eirik. I dag var kvaliteten mykje betre enn dagen før. Vi hadde to gode gjennomspelningar og Eirik var smilande og glad og klar for den store framførelsen. Klokka 15.36 sette spente sjeler seg i bussen som kjørte mot Grieghallen.

Vi gjekk til signering klokka 15.50 og til oppvarming klokka 16.00. Der finpusa vi litt på starten og på klang. Litt før 16.20 kom vakta og

henta oss, og vi gjekk mot scena. No var det ingen vei tilbake, no var det bare å gje full gass og håpe på det beste.

Eirik kom inn og vi reiste oss opp. Han helsa og vi satte oss ned, han heva stokken....1-2-3 så var vi i gang. Starten gjekk greit og dermed gjekk stykket av seg sjølv utover. Vi gjorde ei god framføring, sjølv om vi ikkje hadde ein perfekt dag. Publikum i salen var fornøgdde og klappa godt etterpå. No var vi letta og endeleg ferdig med plikta. No kunne vi senke skuldrane og slappe av resten av oppholdet og kose oss. Og det gjorde vi.

Lørdagen starta som vanleg med ein god hotellfrokost med egg. I dag kunne vi slappe av og gjere det kvar enkelt ville. Shopping, høyre på andre korps i Grieghallen, gå på byen og avslapning på hotellet. Klokka 17.00 samla alle i korpset



seg ved Dolly Dimples for eit felles måltid. Det var pizza som stod på menyen. Vi gjekk tilbake til hotellet, pynta oss med finstasen og gjekk til Grieghallen for festkonsert og premieutdeling. Klokka 20.00. Då var det premieutdeling. John Inge var som i fjor og året før og året før der kåra til den som måtte gå fram. Han hadde kledd seg standsmessig i uniformsjakke frå 50-tallet og gjekk fram. Jau vi kom på 12. plass. Det vart ein stor lettelse som redda resten av kvelden for dei fleste når vi fekk vite at vi hadde berga plassen. No var det tid for fest. Festen fortsatte på hotellet til dei seine timar utover natta. Godt humør og sangglede prega denne natta.

Søndagen kunne vi sove lenge, frokosten varte heilt til klokka 12. Fotografering på trappa før vi fekk ein fortreffeleg lunch på hotellet. Endeleg var det tid for heimreise. Vi gjekk ned mot båten og rigga oss til om bord. Mangle slitne og trøtte fjes var å betrakte på turen. Ein kjekk og fin tur igjen der vi hadde eit høgt sosialt og kulturelt nivå.

Resultat NM 3. divisjon brass

Dommere: Jens T. Larsen og Elisabeth Fossan

Solistpris: Principal i Bjørsvik Brass
Gruppepris: trombonegruppen i Agder Brass

1: Bjørsvik Brass, Hordaland	96
2: Manger Old Star Brass, Hord.	95
3: Lindås Brass, Hordaland	94
4: Borge Brass Band, Nordland	93
5: Agder Brass, Agder	92
6: Gjesdal Brass Band, Rog.	91
7: Flora-Bremanger Brassb., Sfj	90
8: Fjell Brass, Hordaland	89
9: Tr.heim Politi's Brassb., STR	88
10: Hasle Brass, Oslo	87
11: Skui Brassband, Akershus	86
12: Torskangerpoll M.lag, Sfj	85
13: Hordvik Musikklag, Hord.	84
14: Fræna Musikkorps, M og R	83
15: Bergen Brass Band, Hord.	82

